

Alle skal ha råd til å smile



sv.no/bli-medlem

Vi kan fikse norsk tannhelse så alle har råd til å gå til tannlegen

Brekker du eit bein, stiller staten opp. Brekker du ei tann, står du åleine. Sånn treng det ikkje å vere. Tennene er ein del av kroppen. Det burde vi alle vere samde om. Då bør helsevesenet også behandle tennene slik vi behandlar resten av kroppen.

Ei tannhelsereform skal gjelde heile befolkninga, og det skal ikkje koste meir å få hjelp med tennene, enn med andre helsetenester. Vi vil likestille nødvendig tannbehandling med andre helsetenester. SV vil bygge ut den offentlege tannhelsetenesta. Vi vil også at det blir sikra kontroll av etablering, behandling og pris i den private delen av tenestene.

Derfor foreslår vi mellom anna:

- at heile befolkninga skal bli omfatta av ein universell rett til tannbehandling i det offentlege, på lik linje som med andre helsetenester innan 2030
- at alle eldre over 75 år får rett på sterkt rabatterte tannhelsetenester i Den offentlege tannhelsetenesta
- at barn og unge får rett på gratis oppfølging og behandling av nødvendig tannregulering
- at personar med særleg behov, som eldre, personar med store tannhelseutfordringar og sjukdom og personar med psykisk helse- og rusproblem blir prioriterte

Sosialistisk Venstreparti

Møllergata 4, 0179 Oslo
21 93 33 00
post@sv.no
sv.no

Meld deg inn
i SV her:

